

Protokoll styremøte Valdresmusea AS

2018:3

Stad: Bautahaugen i Hedalen

Tidspunkt: tysdag 9. oktober kl. 14.00

Til stades: Jan Arild Berg, Frode Rolandsgard, Aud Søyland, Kristin Gulbrandsen, Gunhild Vegstein Leite og Odd Arne Klemmetsrud. Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

Sak 7/2018 Ladestasjon, Valdres Folkemuseum

I sak 16/2017 bad styret administrasjonen vurdere etablering av ladestasjon for el-bil ved Valdres Folkemuseum.

Vedtak: Styret ber administrasjonen ta med forslaget om å etablerte ladestasjon for elbil ved Valdres Folkemuseum i vidare langtidsplanar, og sjå det i samanheng med Valdres Natur- og Kulturpark og Visit Valdres sitt arbeid med «Berekraftig reiseliv».

Sak 8/2018 Rekneskap

Rekneskapen viser eit overskott per 31.08.2019 på 730 114 kroner. Rekneskapen er periodisert og det er tatt omsyn til kjente inntekter og utgifter. Salet av billetter viser ein nedgang omsetning og publikumsbesøk. Korrigert for meirverdiavgift utgjør dette 10 % i forhold til 2017. Det blir for øvrig rapportert om nedgang i besøket ved musea i Oppland og ei rekke Oslo-museum. Det er elles ei god auke i sal av varer i butikk.

Vedtak: Styret tek rekneskapen til vitende.

Sak 9/2018 Orienteringar

- Statsbudsjett 2019
- Handlingsplan og budsjett 2019
- Branntilløp ved Valdres Folkemuseum
- Strategi
- Budsjettsøknad 2020

Drøfting: Styret er bekymra for at det er fåe ressursar til restaurering og vedlikehald ved Valdres Folkemuseum. Styret ber administrasjonen setje av nødvendige ressursar til kjøp av handverkstenester i 2019 og synleggjere behovet for auka ressursar overfor lokale og statlege styresmakter. Styret ber elles om at det blir lagt fram utkast til arbeidsplan for

2019 på neste styremøte, og utkast til budsjett og langtidsbudsjett i første møte i 2019.

Vedtak: Styret tek orienteringane til vitende.

Neste styremøte blir måndag 12. november kl. 13.00 på Valdres Folkemuseum.